



**Ulvik
herad**

Perla i Hardanger





Perla i Hardanger

Idyllisk plassert inst i Hardangerfjorden, finn du Ulvik, Perla i Hardanger.

Ulvik strekkjer seg frå det vakre fjordlandskapet til det majestetiske høgfjellet på Hardangervidda, der du mellom anna finn Finse, ein veglaus idyll av ein tettstad med hotell, turisthytte og det historiske Rallarmuséet.

I Ulvik kan du oppleva den unike blandinga av fjord, fjell og fruktgardar. Her finst det noko for alle - anten du vil nyta naturen og nyplukka frukt om hausten, eller nokre av dei mange kulturtilboda i bygda, er Ulvik plassen der det gode livet og lokal identitet vert dyrka.

The Pearl of Hardanger

Idyllically nestled at the end of the Hardangerfjord you'll discover Ulvik, the Pearl of Hardanger.

In Ulvik, you can experience the unique blend of fjords, mountains, and fruit orchards. There's something for everyone here - whether you want to enjoy nature and freshly picked fruits in autumn or explore the various cultural offerings in the village. Ulvik is the place where the good life and local identity thrive.




Ulvik har mykje å by på:

- Unike naturopplevingar for alle, frå fjorden til høgfjellet
- Eit godt helsetilbod for alle aldersgrupper
- Ein moderne skule med fleirbrukshall og symjebasseng
- Ein fleksibel barnehage med god plass
- Eit bygdesentrum med korte avstandar og eit variert servicetilbod
- Skiarena for langrenn og hopp med 4 km lysløype og 14 km turløype
- Utandørs idrettsanlegg med grasbane og friidrettsanlegg, med ridebane, badeplass, vass-skiklubb og sandvolleyballbane
- Bibliotek, skulekorps, kulturskule og mykje meir

Ulvik offers a lot:

- Unique nature experiences
- Good healthcare services
- A modern school and kindergarten
- A village center with short distances to a range of service offers
- A skiing arena for cross-country skiing and ski jumping
- Great outdoor sports facilities
- Library, school band, cultural school, and much more





Bu i Ulvik

Omkransa av fruktgardar og høge fjell ligg Ulvikbygda med kommunesenteret Brakanes. Her finn ein alt ein måtte trenga av butikkar og servicetilbod samt offentlege tenester som skule, omsorgstun og kommunal administrasjon.

Me som bur her har nesten ikkje tid til å reisa på ferie, då det er mykje som skjer heile året.

Konsertar, festivalar, idrettsarrangement og faste aktivitetstilbod for både born og vaksne gjer det lett å vera aktiv og bli kjend med andre i bygda.

Om vinteren er familiekveldane i skianlegget Drevtjørn ein populær møteplass. Vil du ha naturen for deg sjølv gjev turar i fjella og på fjorden dei finaste opplevingane.

Ta kontakt med oss om du ynskjer å vita meir om livet i Ulvik!

Ulvik herad:

- Reiseliv- og landbruksbygd, frå Hardangerfjorden til høgfjellet og tettstaden Finse
- 45 km frå Voss og god kollektivtransport
- Nær 1100 innbyggjarar
- Etablerarhjelp og støtte til næringsutvikling
- Barnehageplass og eit godt skuletilbod

Living in Ulvik

Those of us who reside here hardly have time to go on vacation as there's something happening all year round. Concerts, festivals, sports events, and regular activities for both children and adults makes it easy to stay active and get to know others in the community.



VELKOMEN TIL HAUGESENTERET

Opplev dikt og songar frå mange tider og verdshjørne.

Sjå nynorsk.no for opningstider og meir informasjon.



Be Nature tilbyr ei unik «back to nature – back to basic»-oppleving, gjennom overnatting på koselege Strand Fjordhotel og mongolske yurtar i Hardanger Basecamp i Osa. Ver aktiv i det fantastiske Hardanger fjord- og fjellandskapet gjennom B-Activesenteret. Som kirsebæret på toppen, besøk den mest originale villmarkskafèen i Noreg og smak våre belgiske pannekaker.



www.bnature.com
post@bnature.com




STRAND FJORDHOTEL
www.strandfjordhotel.com
booking@bnature.com

STRAND FJORDHOTEL

Strand Fjordhotel er eit sjarmerande boutiquehotell som ligg i Ulvik, med utsikt over fantastiske Hardangerfjorden i Noreg. 50 rom med balkong eller terrasse og fjordutsikt, og ein restaurant som tilbyr deilige måltider med panoramautsikt over fjorden. Ulvik med sentral plassering og nærleik til fleire turistattraksjonar, er ei Cittaslow-bygd som tilbyr eit langsamt livstempo, lokal mat og utmerka gjestfridom, inkludert dei berømte sider-gardane.

B-ACTIVE CENTER

Hjå B-Activesenteret er me spesialistar på å tilby naturrelaterte aktivitetar. Einkvar gjest vil oppleva alle dei unike aspekta ved Hardangervidda, kombinert med Hardangerfjorden sine naturomgjevnader. I løpet av dei siste åra har me lagt til nokre nye og spanande aktivitetar til vår allereie omfattande produktliste.



B-Active Center
www.bactivecenter.com
bactive@bnature.com



HARDANGER BASECAMP & KAFEEN
www.hardangerbasecamp.com
booking@bnature.com

HARDANGER BASECAMP

Hardanger Basecamp gjev gjestene ei autentisk og komfortabel oppleving i ein unik glamping-yurt-resort. Omgitt av praktfulle 1 km høge fjell på Hardangervidda, ligg feriestaden ved den kjente Hardangerfjorden. Yurtane har ein naturleg og heimekoseleg atmosfære med antikke og handlaga møblar og dyreskinn.

OSA KAFEEN

Kafèen vart bygd då arbeidarane bygde det største vannkraftverket i Noreg. I dag tilbyr denne koselege kafèen ei rekke mat- og drikkealternativ, inkludert lokale rettar og heimelaga syltetøy. Den fungerer og som eit startpunkt for utflukter og fotturar eller for å leige kajakkar eller sykklar.



Reise og friluftsliv

Spektakulær natur frå fjord til fjell og bre, blømande frukttre om våren og lokale kulturopplevingar har ført turistar til bygda i meir enn 150 år.

Travel and Outdoor Life

Spectacular nature from fjord to mountain and glacier, blooming fruit trees in spring, and local cultural experiences have attracted tourists to the village for over 150 years.

Fotturar i Ulvik

I Ulvik finn du mange flotte og godt merka turstiar. Opplev Ulvik frå dei beste utsiktspunkta; anten det er lågtliggjande sentrumsnære spaserturar eller meir intense toppturar med forførande utsyn over fjell og fjord.

Frukt- og siderruta

Den einaste frukt- og siderruta i Noreg finn du i Ulvik. Berre ein lett spaseretur frå Ulvik sentrum kan du besøkje tre tradisjonsrike fruktgardar. I tillegg til omvisingar med smaksprøvar, har gardane også utsal av produkta sine.

Kajakkpadling på fjorden

I kajakk kjem du tett på fugleliv og natur. Når du glir på den stille fjorden i kajakk, får du opplevingar du seint vil gløyma.



Foto: Yrjan Olsnes



Foto: Jon Humnålvatn

- *Finn fleire spennande opplevingar på visitulvik.no*
- *Discover more exciting experiences at visitulvik.no*



OPPLEV ULVIK I HARDANGER MED LOKALKJENDE GUIDAR.

Kom tett på natur og kultur i kajakk, sykkel eller til fots med lokale guidar. Angr AVS tilbyr og kurs, foredrag, og underhalding, samt bistand i samband med ditt opphald i Ulvik. Me held til på Frukt- og Siderruta så tettare på det beste av Hardanger kjem du ikkje!

Sjå vår nettside anгр.no for meir informasjon



Festivalar og arrangement

Ulvik er kjent for å vera ein stad der det hender mykje, både lokale arrangement og dei som trekkjer gjester utanbygds frå.

Lyden av Ulvik arrangerer små og store konsertar kvar månad heile året, og Haugesenteret formidlar poesi i ord og tonar med kjende musikarar og poetar.

Me har Blømingshelg med Siderslepp i mai, Hardangersus familiefestival og motbakkeløp i juli, Fruktslepp og oktoberhelg med torg og stor loppemarknad. Førjolsstemning får du i adventshelga og inn mot jol, med jolemesse, peparkakebygda, jolebord på hotella og fleire kjekke ting å vera med på for små og store.

På Friskus og Visit Ulvik sine sider finn du informasjon om det meste som skjer av ulike arrangement og aktivitetar i Ulvik.

Festivals and Events

In Ulvik there are small and large concerts every month throughout the year, and Haugesenteret combines poetry and tunes with well-known musicians and poets.

On the Friskus and Visit Ulvik websites, you can find information about the many various events and activities happening in Ulvik.



Friskus

Visit Ulvik

Foto: Siderruta Haara



HARDANGER

PANORAMA LODGE

Tilbring natta i ei tretopphytte 11 meter over bakken, med spektakulær utsikt til Hardangerfjorden.

Då me var små drøymde vel dei fleste av oss om å ha ei hytte høgt oppe i eit tre. No kan du få oppleva dette i ei moderne og fullt utstyrt hytte i Ulvik i Hardanger.






Foto: Jon Humnålvatn



Foto: Siderulla Haara

Næring

Reiselivsbygda Ulvik

Gjennom reiselivet blømer fellesskapet og moglegheitene i Ulvik. Me er stolte av å dela den fine bygda vår med turistar frå heile verda.

I tillegg til turisme er landbruk ei av hovudnæringane i bygda. Ein finn også mange små verksemdar innan handel, handverk, og servicenæringar.

Heradet har som mål å utvikla eit godt lokalsamfunn for innbyggjarar og næringsliv, og har ei viktig rolle som samfunnsutviklar i samarbeid med det lokale næringslaget og Hardanger og Voss Næringshage. Ulvik har mellom anna lågare arbeidsgjevaravgift og fleire andre fordelar for næringslivet.

➤ *Les meir om næring på vår nettside!*


Business life

Industry in Ulvik

Through tourism the community and opportunities in Ulvik flourish. We take pride in sharing our beautiful village with tourists from all around the world.

In addition to tourism, agriculture is also one of the main industries in the village. You will also find many small businesses in trade, craftsmanship, and service sectors.

➤ *Read more about Business life on our website!*



BRAKANES HOTEL

BY FJORDTIND



Nyt lokale smakar i restaurant Draumen, kvil augene på speglblank fjord, laug deg i stamp på bryggekannten og opplev alt det kjekke bygda vår har å by på.



www.brakanes-hotel.no

Landbruk i Ulvik

Landbruket har vore bærebjelken og livsgrunnlaget i heile bygda si moderne historie. Hovudnæringa i dag er fruktproduksjon, i hovudsak eple. Likevel held saue- og storfehold fram som ein viktig del av næringa.

Dei siste åra har siderproduksjonen kopla reiseliv og landbruk tett saman, og me har fått unike lokale opplevingar gjennom Frukt- og siderruta, samt sal av produkt på gardane.

➤ *Les meir om frukt og sider på [siderruta.no](https://www.siderruta.no)*

Agriculture in Ulvik

Agriculture has been the livelihood of the entire village's modern history. Today, the main industry is fruit production, primarily apples. However, sheep and cattle farming continue to be important parts of the industry.

In recent years, ciderproduction has closely linked tourism and agriculture, providing unique local experiences through the Fruit- and cider route, as well as the sale of products on the farms.

➤ *Read more about fruit and cider on [siderruta.no](https://www.siderruta.no)*



Foto: Arturas Gajlus



Kritle Fjordtun

Tomtene ligg i attraktivt område på Viknes i Ulvik kommune og er perfekt for alle som er interessert i å kombinera fjell og fjord med kort veg til Ulvik sentrum.

Tomteprisene inneheld også båt plass og felles sjøhus med kai.

Hjeltnesvegen, 5730 Ulvik • Kristofer Hjeltnes - tlf 480 25 257
E-post: hjeltnesgartneri@ulvik.org



Cittaslowbygda Ulvik

Ulvik er ein av to kommunar i Noreg som er medlem av den internasjonale Cittaslow-rørsla.

Som ein motsats til det moderne livet og moderne byar skal det gode livet, lokal identitet og berekraft bli dyrka.

Overalt i verda blir byar og bygder likare og likare kvarandre. Fasadane er like, og same kvar i verda du er, finn du dei same globale butikkjedene og ser reklame for dei same produkta.

Rørsla ønskjer å motverka denne utviklinga ved å dyrka lokalt særpreg og

jobba for ei utvikling som fremjar «det gode livet» for innbyggjarane.

Ulvik har vore medlem av Cittaslow-rørsla sidan 2015.

Ulvik the Cittaslow Village

Ulvik is one of two municipalities in Norway that are members of the international Cittaslow movement.

As a contrast to modern life and cities, the movement aims to cultivate the good life, local identity, and sustainability.

Ulvik has been a member of the Cittaslow movement since 2015.

Foto: Ingvill Skeie Ljones

Fakta om Cittaslow-rørsla

- Organisasjon grunnlagt i Italia i 1999
- Sprang ut av Slow Food-rørsla
- 288 medlemsbyar i 33 land. Dei fleste i Europa
- Kun stader med mindre enn 50 000 innbyggjarar kan bli medlem
- Ynskjer ein saktare livsførsel enn det moderne samfunnet skapar.
- Dyrkar lokal identitet, lokalt særpreg og lokal verdiskaping

Facts about the Cittaslow movement:

- Organization founded in Italy in 1999
- Emerged from the Slow Food-movement
- 288 member towns in 33 countries, mostly in Europe
- Only cities with fewer than 50,000 inhabitants can become members
- Advocates for a slower lifestyle than modern society creates
- Cultivates local identity, local distinctiveness, and local value creation





Foto: Ingvil Skeie Ljones

Oppvekst i Ulvik

I Ulvik legg me vekt på å skapa trygge, trivelege og gode oppvekstvilkår for våre yngste. Me har eit breitt spekter av tilbod som gjev gode rammer for ein fin oppvekst i flotte omgjevnader.

Growing up in Ulvik

In Ulvik, we focus on creating safe, pleasant, and nurturing conditions for our youngest residents. We offer a wide range of opportunities that provide a supportive environment for a good upbringing in beautiful surroundings.

Skule og barnehage

Skulen og barnehagen er hjartet i oppvekstmiljøet. Med engasjerte lærarar og omsorgsfulle tilsette legg me grunnlaget for læring og utvikling. Her dyrkar me kreativitet og kunnskap, med mål om at alle får utfalda seg på sin måte.

Hardanger produksjonsskule gjev tilbod til ungdom som fell ut av vidaregåande skule og Fagskulen på Hjeltnes tilbyr fleire fagskuleutdanningar.

Kulturskule og aktivitetar

Gjennom vår kulturskule får borna utfalda seg gjennom musikk, dans, og andre kunstuttrykk. I tillegg kan dei utforska mange ulike fritidsaktivitetar som styrkar både kropp og sjel.

Idrettsanlegg og basseng

Me trur på eit aktivt liv, og difor har me flotte idrettsanlegg og eit innandørs basseng. Her kan borna utfalda seg i ulike idrettar og aktivitetar, og oppdaga glede ved fysisk aktivitet.

H&V Hoberg & Vestrheim
Telephone and Broadband Billing

We provide core systems tailored to businesses who supply subscription-based services.

Our system covers business, products, orders, active services and invoices.

We have more than 25 years of experience supplying to large customers in Norway and abroad.

Postboks 63, N-5731 Ulvik, Norway
Tel: +47 22 07 12 00, +47 22 07 12 01
Email: info@billing.no

ULVIK



VVS

Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no



Ulvik Herad

-  ulvik.kommune.no
-  +47 56 52 70 00
-  post@ulvik.kommune.no
-  Skeiesvegen 3, 5730 Ulvik

Turistkontoret

-  visitulvik.no
-  +47 40 00 71 99
-  visitulvik@ulvik.kommune.no
-  Tyssevikvegen 9-11, 5730 Ulvik



Eg  Ulvik